

*Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Arbeidet i NSC vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.*

## **Rapportering frå NSC thematic groups**

**Gruppe:** Transport group

**Representantar frå Hordaland:**

Nils T. Bjørke (forfall)

Frå administrasjonen deltok Matti Torgersen, samferdselsavdelinga.

### **Tid og sted**

Bremen 12-13. september 2016

### **Hovudsaker**

Bremen har kome langt med å utvikle og setje i verk ein strategi for berekraftig mobilitet både når det gjeld sykling, deleordningar, mobilitetspunkt og kollektivtrafikk. Det vart gitt informasjon om dette arbeidet. Bergen kommune er med i eit prosjekt saman med Bremen, Share North der det blir fokusert på å utvikle, implementere og fremje deling av bil og syklar, samkøyring og andre formar for delt mobilitet. Det vart informert om dette, og Bergen skal opne sitt første mobilitetspunkt i haust, etter modell av mobilitetspunkt i Bremen. Mobilitetspunkt er samkøyringspunkt der bilar kan plukka opp og setja av passasjerar, det er reserverte plassar for bildeling og sykkelparkering.

Det vart også ein sykkeltur gjennom byen der vi så på ulike fysiske tiltak for sykkel (m.a. ei rundkøyring med eiga sykkelfelt rundt, der bilane har vikeplikt), og ulike mobilitetspunkt

Det vart gitt ei orientering frå HyER, som er eit nettverk/organisasjon som består av 21 europeiske byar/regionar som er aktive når det gjeld hydrogen, brenselceller og elektrisk mobilitet. Dei driv med ulike aktivitetar, som prosjektutvikling, erfaringsutveksling, samarbeider med FOU-miljø og industrien, samt at dei er ein interesseorganisasjon for hydrogen. Akershus fylkeskommune er einaste norske medlem. Transportgruppa vil innleie eit nærmare samarbeid med HyER som eit ledd i arbeidet med Rein Transport.

Gruppa fokuserer elles m.a. på det overordna TEN-T nettverket, som er utvikling av 9 korridorar for transport gjennom Europa. Strekninga Oslo-Gøteborg er einaste del i Noreg som ein del av ein korridor Stockholm – Palermo, og Vestlandet står difor utanfor korridorane. Gruppa har kartlagt synspunkt på fordeling av midlar frå EU gjennom ordninga Connecting European Facilities. Elles har gruppa også vore opptatt av korleis meir perifere regionar kan knyte seg opp mot nettverket.

Transportgruppa har utarbeida eit oversyn over prosjekt og tiltak for å fremje miljøvenleg transport i medlemsregionane.